



Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Levekårsutvalet	
	Plan- og miljøutvalet	
	Kommunestyret	

## Juvikstølen barnehage, trafikksikring av tilkomst.

### Saksdokument vedlagt:

1. Skiltplan for området ved Knarvik ungdomsskule og Juvikstølen barnehage.

### **Saksutgreiing:**

Saka går til uttale i levekårsutvalet.

Saka går til uttale i plan og miljøutvalet.

Saka går til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast endeleg i kommunestyret.

I samband med finansieringa av Juvikstølen barnehage vedtok kommunestyret i sak 2007/307 å be om at Rådmannen kjem med ei utgreiing vedr. trafikksikring av tilkomsten til Juvikstølen barnehage.

Kommunevegen frå Gymnaskrysset og opp til det nye byggjefeltet i Juvikstølen har fått ein markert auke i trafikk etter innflyttinga i byggefeltet og etter at idrettsanlegget vart utvida. Når barnehagen no vert sett i drift, kjem neste auke i trafikkmengda og mange er urolige for trafikksituasjonen når vegen mot Knarvik Aust og E39 blir opna.

Strekninga langs ungdomsskulen har dei siste åra hatt ein sterk auke i langsgåande parkering, med tilhøyrande uoversiktlege trafikksituasjon for kryssande, mjuke trafikkantar. I samråd med Lensmannen i Lindås og Meland innførte difor kommunen parkeringsforbod langs vegen no i vår. Bilane vart då vist til den store oppgrusa parkeringsplassen mellom skulen og gamle Juvikstølen. I samband med utvidinga av ungdomsskulen arbeider kommunen med planmateriell for å oppgradere denne p-plassen med drenering, fast dekke, oppmerking og belysning. Det same gjeld for gangveg langs vestsida av denne plassen.

Området har elles einsidig fortau ned mot Gymnaskrysset. Her er det tidvist mykje uryddig fotgjengtrafikk når elevane skal til og frå bussane i Riksveg 57. Ei årsak til dette er manglande dobbeltsidig fortau.

Strekninga frå Gymnaskrysset og opp i Juvikstølen er skilta med soneskilt og 30 km/t. Skiltinga er kraftig oppgradert i 2008 fram til og med idrettsanlegget. Sona gjeld vidare, men er ikkje særslikt skilta om dette.

Mellom Gymnaskrysset og ungdomsskulen er der ein eksisterande fartshump. Kommunen har fått meldingar frå fastbuande at dei opplever urovekkande høgt fartsnivå og har i samråd med Lensmannen og Tide planlagt 2 nye fartshumper i området ved ungdomsskulen.

Vidare er det planlagt ytterlegare fartssoneskilting frå idrettsanlegget og opp i Orresteinen. Etablering av fartshumper i Orresteinen skal etter tidlegare avtalar mellom kommunen og Lindås tomteselskap vurderast etter synfaringar no i haust.

**Hovudvegen mot Knarvik Aust/E39 skal etter politisk vedtak ha fartsgrense 40 km/t.**

### **Vurdering:**

Kommunevegen mellom Gymnaskrysset og Juvikstølen/Orresteinen har hatt ei dårlig utvikling når det gjeld trafikktryggleik dei seinare åra. Parkering langs vegen og høgt fartsnivå har ført til ein utilfredstillande tryggleik for mjuke trafikkantar. For å auke trafikktryggleiken, bør difor

- parkeringsplassen ovanfor ungdomsskulen ferdigstilla
- gangveg/fortau etablerast dobbeltsidig mellom ungdomsskulen og Gymnaskrysset
- Fartshumper etablerast i området ved ungdomsskulen
- Skilting av 30-sona oppgraderast mot Juvikstølen/Orresteinen
- Etablering av fartshumper vurderast i Orresteinen.

### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

For å betre trafikktryggleiken i området ved Knarvik ungdomsskule og Juvikstølen barnehage skal :

- Parkeringsplassen og gangvegen ovanfor ungdomsskulen ferdigstilla. Kostnadene med parkeringsplassen dekkast innanfor investeringsbudsjettet for utbygginga av ungdomsskulen. Gangvegen etablerast med midlar frå trafikksikringsfondet.
- Gangveg/fortau etablerast dobbeltsidig mellom ungdomsskulen og Gymnaskrysset. Kostnaden dekkast med midlar frå trafikksikringsfondet.
- Fartshumper etablerast i området ved ungdomsskulen og dekkast av driftsmidlar på Veg.
- Skilting av 30-sona oppgraderast mot og i Juvikstølen/Orresteinen.
- Etablering av fartshumper vurderast i Orresteinen og eventuelle kostnader dekkast i eit samarbeid mellom kommunen, Tomteselskapet og fastbuande.